

Oversikt innspel til oppstart

Kommunedelplan Naturmangfald

med kommunedirektøren sine vurderingar

Innhold

1 Statsforvaltaren.....	2
2. Hytteeigarar i Knutsvik v/ Arild Fosså	3
2.1.Torhild Brekke – Innspel om Fisk og sukkertare	3
2.2. Helge Erga – innspel om helse, miljø og kvartsstøv	3
2.3 Torhild Brekke – innspel om natur	3
2.4 Tom Steffen Simenstad – innspel om kulturminne.....	4
2.5 Tom Steffen Simenstad – innspel om naturverdier/mangfold - myr	4
2.6 Kjellaug Bekkedal – innspel om tursti	4
3. Statens Vegvesen.....	5
4. Rasin Tjeltveit	5
5. Forum for Natur og Friluftsliv	5
6. Hans Widerøe.....	6
7. Kjell Tysdal	7
8. Innspel frå grendemøter	7

1 Statsforvaltaren

Same innspel som til planprogrammet:

- Kartlegging av naturtypar må ha fokus, og kommunen bør prioritere og foreslå konkrete areal som skal kartleggast.
- Set krav om KU i plansaker + krav om at miljødirektoratet sin instruks skal brukast i alle naturfaglege utgreiingar
- Prioritere område med viktig økologisk funksjon som td mellomromma i jordbrukslandskapet (td kantsonar langs vassdrag) og myr
- Evaluering av omsynssone natur – områda i kommuneplanens arealdel
- Vurdere utfordringar for naturmangfaldet som følgje av klimaendringar
- Viktige område for naturmangfald og samanhengen mellom desse må kartfestast, og ta stilling til kva status de skal ha
- Presentere vassvegar med kunnskap frå Vann-Nett
- Omtale natur som næring td som del av handlingsplan td ift reiseliv.

Kommunedirektøren sin kommentar:

- Eit hovudmål med planen er å få ein samla kunnskap om naturmangfald, og i handlingsdelen vil kartlegging vera prioritert.
- Tiltak i handlingdelen om utarbeiding av rutine for korleis omsynet til naturmangfald skal sikrast i arealplanlegginga, inkludert krav om kartlegging etter Miljødirektoratet sin instruks, og konsekvensvurdering etter Miljødirektoratet si handbok.
- Område med viktige økologiske funksjonar er nemnd i kapittelet om prioritert natur.
- Ein har ikkje føreslått som eige tiltak å evaluera omsynsone natur. Dette vil vera ein naturleg del av revisjon av kommuneplanen sin arealdel.
- Under kap. 4 Om utfordringar har ein omtala dette temaet.
- Denne kommunedelplanen er ingen arealplan med kart, arbeidet med å kartfeste viktige område blir tatt vidare til kommuneplanen sin arealdel jf. arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnssdel.
- Vassdragsnatur er omtala i kap. 5. Det er ingen kartdel til denne kommunedelplanen. I handlingsdelen er eit tiltak å utarbeide saksbehandlingsrutinar, der bruk av Vann-nett for å innhente kunnskap om vannmiljø vil høyre heime. Viktige vassdrag og omsynssoner innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel, jf. Arealstrategi i kommuneplan.
- Har fokus på naturmangfold, innhenting av kunnskap og bruk av kunnskapen, ikkje fokus på andre tema i denne planen, som t.d. næring eller friluftsliv.

2. Hytteeigarar i Knutsvik v/ Arild Fosså

Alle desse innspela er knytt til Mibau Stema AS sitt konkrete innspel til pågående Kommunedelplan for byggeråstoff om pukkuttak i Knutsvikheia:

2.1. Torhild Brekke – Innspel om Fisk og sukkertare

Det er kartlagde viktige gyteområde for torsk rundt Morka og sukkertarefelt i Erfjord. Desse naturområda i sjø er viktige å ta vare på. Bekymra ift påverknad, jf innsendte planar om pukkverk i Knutsvikheia.

Kommunedirektøren sin kommentar:

Kommunedelplan for naturmangfald er ikkje lagt opp til å vera ein «kartplan» og omhandlar i svært liten grad konkrete område med prioriteringar.

Tiltak i handlingdelen å prioritera kartlegging, både på land og i sjø, og utarbeidning av rutine for korleis omsynet til naturmangfald skal sikrast i arealplanlegginga. Alle desse punkta i planen er det meininga skal gjera at ein får planprosessar der kunnskap om natur, og om konsekvens for natur er med å danna eit forsvarleg grunnlag for avgjersler.

2.2. Helge Erga – innspel om helse, miljø og kvartsstøv

Viser til innspel om pukkverk i Knutsvikheia, og er bekymra for helseskadelege stoffet kvarts; stein/svevestøv ifm ev framtidig steinuttak

Kommunedirektøren sin kommentar:

Denne kommunedelplanen omhandlar ikkje konkrete tiltak eller konsekvensane av desse for naturen, eller for helse- miljø og sikkerhet. Elles viser ein til kommentaren i punktet ovanfor i forhold til vurdering av konsekvens for naturen av tiltak og arealinngrep.

2.3 Torhild Brekke – innspel om natur

Viser til Naturavtalen der me forpliktar oss til å verne 30 % land- og havområde mot nedbygging. Viser konkret til innspel for pukkuttak Knutsvikheia.

Påpeiker at området består av myrområde, skog, beite med variert dyreliv . Viser òg til kartlagd naturområde ved sjøen. Steinbrot her vil øydelegge naturen permanent

Kommundirektøren sin kommentar:

Hjelmeland kommune må også ta sin del av ansvaret og bidra til å stanse nedbygginga av natur. Ein stor del av naturen i Hjelmeland er også verna etter naturmangfaldlova allereie. Føremålet med KDP naturmangfald er å å laga planar for kartlegging, saksbehandling mm. som sikrar at ein har kunnskap nok til å gjere kloke beslutningar ift. arealbruk med omsyn til naturmangfaldet. Planen er ikkje ein

arealplan som tek stilling til arealbruk i konkrete område.

2.4 Tom Steffen Simenstad – innspel om kulturminne

Ikkje tillate slikt stort inngrep som pukkuttak i eit område som er så rikt på automatisk freda kulturminne.

Kommunedirektøren sin kommentar:

Det er i utgangspunktet eit stort og omfangsrikt arbeid å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald i Hjelmeland. Difor må ein avgrense, og ein har difor i denne første planen me lagar ikkje prioritert å ta med tilgrensande tema som kulturminne, friluftsliv, næring mm. Samspelet mellom naturen og desse tilgrensande interessene må eventuelt komma i ein seinare naturmangfaldplan.

2.5 Tom Steffen Simenstad – innspel om naturverdier/mangfold - myr

I området foreslått som pukkuttaksområde er det registrert fleire område med myr og våtmark. Høg verdi for naturverdi og naturmangfald. Inngrep vil ha store konsekvenser for raudlista arter og gje betydelege utslipp av klimagasser.

Kommunedirektøren sin kommentar:

I kapittel 7 Handlingsplan er det tiltak for å sikra kunnskapsgrunnlag og rutinar som skal ivareta omsynet til naturmangfald i arealplanlegginga. Vidare i handlingsdelen er det forslag om prioritera tiltak knytt til kartlegging, både på land og i sjø. Område der ein veit om omfattande planar for ein endra arealbruk vil det vera naturleg å prioritera for kartlegging.

Alle desse punkta i planen er det meininga skal gjera at ein får planprosessar der kunnskap om natur, og om konsekvens for natur er med å danna eit forsvarleg grunnlag for avgjerder.

2.6 Kjellaug Bekkedal – innspel om tursti

Området foreslått som pukkuttaksområde har stor verdi som turområde, med merka stiar og turpostar

Kommunedirektøren sin kommentar:

Naturen rundt oss er viktig for gode friluftsopplevelingar, og også av den grunn er det viktig å ta vare på naturen. Denne KDP tek først og fremst sikte på å sikra at kommunen greier å ta vare på den verdifulle naturen for naturen sin eigen del. Andre viktige tema som er tett knytt opp mot natur og naturmangfald, vil ha eigne temaplanar eller må få bli eit større tema i neste generasjon naturmangfaldplan.

3. Statens Vegvesen

- Tipsar om fire konkrete rettleiarar som forslag og idear til eventuelle føringar eller tiltak i planen. Omhandlar dyre- og planteliv ifm vegtrafikkanlegg
- Planarbeidet kan vere eit viktig verkty ift. korleis Vegvesenet sitt arbeid kan påverke naturmangfaldet . Eventuelle tiltak som kan ha følgjer for riksvegnettet må avklarast med vegvesenet

Kommunedirektøren sin kommentar:

Vegvesenet sine tips om rettleiarar er nyttige då desse har vore og vil vera nyttige ved utarbeiding av tiltak i handlingsplan, og også i forhold til retningslinjer for naturmangfald i arealplanar (blant anna i forhold til veg i plan).

Det er ikkje føreslått konkrete tiltak knytt til riksvegnettet.

4. Rasin Tjeltveit

Er uroa over endringa i naturen, tap av naturmangfald og ein økologisk ubalanse.

Gir døme: nedgang i villaksstammen, nedgang på fleire andre fiskeartar, skjell og fuglearartar. Er svært uroa over situasjonen.

Årsaken er truleg samansett, og forskninga på dette må intensiverast.

Klimaendringar er truleg ei av årsakene, som kan vere vanskeleg å gjere noko med. Men vere restriktiv med å gi fleire laksekonsesjonar før ein veit meir om årsaksamanheng. Og begrense overfiske av td sild og brisling (som er viktige i nedre del av næringskjeden)

Kommunedirektøren sin kommentar:

Rasin Tjeltveit er blant anna uroa for livet i sjøen og økologisk ubalanse. Sjø- og fjordareala er etter måten lite kartlagt. Ein veit noko om vanntilstand som resultat av arbeidet med vannforvaltningsplanane, men det er heilt klart eit behov for at det systematiske arbeidet med vannmiljø skal halde fram. I kapittelet om mål og prioriteringar føreslår ein å prioritera kartlegging i sjø. Vidare føreslår ein at kommunen skal halda fram med å følgje opp tiltak i vannforvaltningsplanen for Ryfylke.

5. Forum for Natur og Friluftsliv

Viser til fleire kartleggingar av natur i Hjelmeland som er gjort i tillegg til det som ligg i Naturbasen.

Av ny naturkartlegging bør dette prioriterast:

- trua artar og naturtypar
- fjordane Erfjord og Jøsenfjorden
- område som har potensiale for restaurering og habitatforbetring

Området som er viktige å ivareta:

- Jøsneset : spesielt kartlegging rundt mulig pukklokalitet Knutsvikheia
- Dalevika
- Øksnafjellet
- Tappfjellet
- Heståsen
- Nesvikheia
- Svida
- Norstølheia
- Vassdrag som ikke er regulert

Bør ikkje avsette nye område til akvakultur: skade stadbundne artar og anadrom fisk

Planen må ha konkret handlingsdel med tiltak.

Hovudmåla må gjenspeglast i arealstrategien

Kommunedirektøren sin kommentar:

- Dei fleste tiltaka i planen handlar om kartlegging og å skaffa seg oversikt. Kommunen er klar over at det finn fleire rapportar enn det som ligg i Naturbasen, og vil utarbeide rutinar for å innhente naudsynt kunnskap i saksbehandlinga.
- Planen inneholder prioriteringar for kartlegging på naturtypenivå, og type område etter trussel/potensial. Planen har ikkje ein kartdel, og føreslår ikkje konkrete geografiske område verken for kartlegging eller for vern.
- Planen inneholder ein handlingsdel med tiltak.

6. Hans Widerøe

Naturtypar som bør kartleggast

- Ospeskog på Puntsnes,
- Bjørkeskog i dalen frå Jørmelandsvatnet til Saupstøl.
- Furuskog rundt tursti i bakkane opp frå stemmen ved Hetlandsvatnet austover mot Ramnafjellet.
- Våtmarksområde innløp Hetlandsvatnet
- Våtmarksområde innløp Steinslandsvatnet
- Kulturlandskap med opphavleg moreneformasjon på Riskadal i bakkane ned mot Riskedalsvatnet

Framande artar:

- Bulkemispel i ospeskogen på Puntsnes
- Parkslikegne langs elva frå Einervoll til Steinslandsvatnet, langs stranda i Hjelmelandsvågen (frå Prestøya og vestover), langs sykkeltien i Puntsnesbakken, i Askvik m.fl

Kommunedirektøren sin kommentar:

Forslaga frå Hans Widerøe på konkrete forslag til karlegging vil bli tatt med i vurderinga ved prioritering av område for kartlegging jf. tiltak i handlingsplanen. Vidare er opplysningar om framande artar notert og vil bli tatt med i utarbeidingsa av ein oversikt jf. tiltak i handlingsplanen.

7. Kjell Tysdal

Interessant art: storflaggermus, oppmodar til kartlegging, overvintrar i Trodla Tysdal

Geologisk interessant område:

- Trodla Tysdal: nivåendringar av elveløp sidan siste istid
- Øyane/Helgaland: Sidemorene

Kommunedirektøren sin kommentar:

Innspel frå Kjell Tysdal er notert og vil bli tatt med i arbeidet med vidare kartlegging og kunnskapsinnehenting jf. tiltak i handlingsplanen.

8. Innspel frå grendumøter

Kommunedirektøren sin kommentar: